



Eitt einasta eksemplar har Martin att av VG frå sist søndag.

260 kroner veks han med kvar søndag, sparegrisen til 15 år gamle Martin Hauge, som bur i Kleivadalsvingen. Sidan i oktober har han seld SøndagsVG på døra til folk og det har vore ein suksess

Heile familien står bak og hjelper Martin med prosjektet og det var ikkje rart at det verka som eit sjokk då også SPAR sist helg starta sal av VG. Det vart det som i jussen kallast ein minneleg ordning, men det kjem vi attende til.

Det var nedleggjinga av kioskdirfta til Auto 88 som utløyste initiativet i Kleivadalsvingen. Far Atle hadde ideen, men det tok litt tid med førebuingar før den første VG vart seld 12. oktober. Martin sykla rundt heile nedre del av Uskedalen med avisa og starta med 40 eksemplar.

Ein reduksjon til 35 var fornuftig og det har som regel også vore det aktuelle salstalet sidan. Salet skjer mellom klokka 10.30 og 13

Utsalstprisen er 20 kroner og Martin får 6 kroner og 50 øre for kvar avis. Det har hendt at det har vore både regn og glatt og då har far eller farmor køyrt den unge seljaren. Har han vore sjuk, har syster Hanne stilt opp som vikar.

Men sist sundag kom altså sjokket: SPAR kunngjorde at dei også starta sal av VG frå ein boks på Sanden. Familien Hauge tykte det var dårleg gjort å ta jobben frå guten og oppsøkte butikkleiinga. Løysinga vart at SPAR i staden vil satsa på sal av Dagbladet og den ordninga startar denne sundagen. Martin held fram som før med sal av SøndagsVG.

Til uskedalen.no seier dagleg leiar Bente Nilsen at "dette er eit godt tiltak av ein liten gut". Martin triumferar nok litt når han fortel at SPAR sist sundag selde berre 4 aviser medan han selde 35 som vanleg. Han stiller gjerne opp med aviser også for nye kjøparar hvis dei ringar 47 33 10 95.

Martin går i tiande klasse ved ungdomsskulen i Rosendal og frå hausten satsar han på vidaregåande. -Det blir elektro eller tipp, opplyser Martin som ikkje har bestemt noko yrkesval men som ikkje har ønskje om å satsa på noko med sal. Det får klare seg med VG, som han meiner er ei god avis.

Tekst og foto: Ola MattiMathisen